

Variasjonar i psykisk helsevern - status og forklaringsfaktorar

TEKST

Hans Johan Breidablik*

Eivind Meland*

Emma Helene Bjørnsen

Oddne Skrede

PUBLISERT 2. september 2024

DOI <https://doi.org/10.52734/AMIA6472>**ABSTRACT:**

Introduction: Reducing unwanted variation is one of the goals of Norwegian health policy. We mapped variations among municipalities in Health Region West in the use of specialist health services that fall under the chapter on mental health care and substance use in ICD-10, and looked at various variables that may be related to these. **Method:** Data were retrieved from the Samhandlingsbarometer, an online open-source portal, and systematized by the authors. The annual rate per 1,000 inhabitants of hospital admissions and outpatient/day treatments per municipality was used as the result variables. Bivariate and multivariable linear regression were useful for investigating the association between independent variables and outcome variables. **Results:** The results showed large differences in the use of specialist health services in the municipalities, with a factor of 6.7 (hospital admissions) and 8.3 (outpatient clinic contacts). In adjusted analyses, we found that higher overall costs for health and care services in the municipalities were associated with fewer hospital admissions ($\beta = .378$, 95% CI $-.616$; $-.142$) and fewer outpatient/day treatments ($\beta = -.541$; $.649$; $-.323$). The number of users in municipal mental health services was associated with more hospital admissions ($\beta = .514$; $.298$; $.726$) and more use of psychotropic drugs in connection with outpatient/day treatments ($\beta = .485$; $.263$; $.703$). Home-based care for younger inhabitants (< 67 years) was also positively associated with the use of both hospital admissions ($\beta = .494$, $.266$; $.724$) and outpatient/day treatments ($\beta = .471$; $.239$; $.703$). Both the prevalence of marginalisation (not in employment, education or training) and a high level of education were associated with higher use of outpatient clinics ($\beta = .355$; $.132$; $.577$ and $\beta = .296$; $.064$; $.528$), while a dispersed housing pattern was associated with fewer hospital admissions ($\beta = -.421$; $-.679$; $-.158$) and outpatient day treatments ($\beta = -.386$; $-.627$; $-.145$). The explained variance of the multivariable models was small to moderately high ($R^2 = .07$ - $.51$). **Conclusion:** Morbidity, use of resources for municipal health care, and sociodemographic differences are related to the rate of admissions and outpatient/day treatments. The findings do not unequivocally indicate that greater resource use in the municipalities covaries with less use of specialist health services, although some of the findings point in that direction. Relative inequalities in municipalities, where many inhabitants have a high level of education and where many experience marginalisation (not in employment, education or training) are associated with high consumption of specialist health services in mental health care.

Keywords: practice variation, specialist health service, psychiatry, substance use treatment

EMNER

praksisvariasjon

spesialisthelseteneste

psykiatri

rusomsorg

Ruslidingar og psykiske lidingar representerer eit betydeleg helsetap i den norske befolkninga, spesielt for dei under 50 år (Reneflot et al., 2018, s. 49). Angst og depresjon bidreg også til langvarig sjukefråvær for den arbeidande delen av befolkninga (Knudsen et

al., 2013), og når det gjeld den samla sjukdomsbyrda i befolkninga, ligg desse på høvesvis sjette og femte plass med omsyn til helsetap (global burden of disease) (Folkehelseinstituttet, 2019).

Det finst nokre studiar av førekommst av psykisk sjukdom i Noreg, men ingen som er nasjonalt representative (Reneflot et al., 2018, s. 24, 66). Studiar viser variasjon i bruk av helsetenester både i norsk kontekst (Balteskard et al., 2015; Breidablik & Meland, 2018) og internasjonalt (t.d. Corallo et al., 2014), samt innanfor psykisk helse spesifikt (Surén et al., 2013). Noko av variasjonen kan vere berettiga grunna ulik førekommst. I småkommunar vil den tilfeldige variasjonen vere større enn i store kommunar. Samtidig finst det variasjon i bruk av helsetenester som ikkje kan grunngjenvæst ut frå større behov eller tilfeldig variasjon, og slik variasjon vert rekna som uønskt (Bale et al., 2020, s. 11–13). Reduksjon av uønskt variasjon er eit sentralt mål for norsk helsepolitikk (Meld. St. 7 (2019–2020), s. 9).

Det er systematiske helseskilnader i befolkninga som følgje av sosioøkonomiske tilhøve knytt til inntekt, yrke og utdanning. Personar med låg sosioøkonomisk status har høgare risiko for psykiske lidingar og ruslidingar enn andre (Kivimäki et al., 2020; Lorant et al., 2007). I Noreg er psykiske lidingar tre til fire gonger meir utbreidd hjå barn av foreldre med låg inntekt (Kinge et al., 2021). Skilnadane viser seg også når desse barna blir vaksne (Evensen et al., 2021).

Befolkninga si helsekompetanse påverkar evna til å skaffe seg tilgang til og bruke helsetenester, og til å kommunisere med helsepersonell (Le et al., 2021, s. 33). Låg helsekompetanse er meir vanleg i grupper med kort utdanning. Psykiatriske sjukepleietenester og spesialisthelsetenester i kommunane er ulike, og organisering, tilvisingskulturar og behandlingspraksis generelt varierer også mellom kommunane (Breidablik & Meland, 2020). Bruk av diagnostar knytt til psykiske lidingar varierte sterkt mellom kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke (Breidablik & Meland, 2020).

Det har vore stor merksemd på ulikskap mellom behandlarkulturar i spesialisthelsetenesta (Corallo et al., 2014; McPherson et al., 1982). Vi har tidlegare vist at fastlegane som tilvisarar er viktige for å forstå variasjon i spesialisthelsetenesta (Breidablik & Meland, 2018). Derfor lyt vi ha fokus på samspelet mellom tilboda i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

Gjennom Samhandlingsreforma har styremakter som mål at kompetansen i primærhelsetenesta og eit forsterka tenestetilbod i kommunane skal kunne avlaste bruken av døgnplassar ved sjukhus og distriktspsykiatriske senter (St.meld. nr. 47 (2008–2009), s. 27). Ulik kunnskap om og fokus på psykiske lidingar er blitt dokumentert i allmennpraksis, og den varierer både innan og mellom land (World Health Organization and World Organization of Family Doctors, 2008, s. 32–37). I ein systematisk oversiktsartikkel finn dei at mange faktorar knytt til gjenkjenning, handtering og tilvising hemmar og fremmar korleis mentale helseproblem handterast i barne- og ungdomspsykiatrien (O'Brien et al., 2016).

Med tal frå Samhandlingsbarometeret (Samhandlingsbarometeret, u.å.) hadde vi høve til å undersøke korleis både sosiodemografiske variablar og helsetenestevariablar i kommunar påverkar bruken av spesialisthelsetenester. Vi hadde følgjande målsettingar med studien:

1. Kva er variasjonen i kommunane sin bruk av spesialisthelsetenester innan psykisk helsevern og rus opp mot all bruk innan Helse Vest-området?

2. Kva bakgrunnsvariablar knytt til helsetenester i kommunen, psykisk sjukelegheit og sosiodemografiske forhold kan vere assosiert med skilnadane?

Materiale og metode

Data er henta frå Samhandlingsbarometeret, som er ei open kjelde på nett, og systematisert av forfattarane. Dette er offentleg tilgjengelege og aggregerte data der omsyn til konfidensialitet allereie er ivaretakne før publisering. Følgjeleg er ikkje alltid dei minste kommunane med i materialet for alle variablar. Artikkelen tek først og fremst utgangspunkt i data frå Samhandlingsbarometeret, men desse er henta inn frå andre sentrale datakjelder som Norsk pasientregister (NPR), Folkehelseinstituttet (FHI) sine kommunedata, Statistisk sentralbyrå (SSB) sine demografiske data og kommune-stat-rapportering (KOSTRA).

Variablar som vi antek kan vere av betydning når det gjeld kommunane sitt forbruk av spesialisthelsetenester innanfor hovudkapittelet psykiatri/rus, er giengjeve i tabell 1 med datakjelde, årstal, variasjon, gjennomsnitt og skeivheit. Variablane er gruppert etter kommunal ressursbruk, sjukelegheit og sosiodemografiske tilhøve. Her er også resultatvariablane gjeve med gjennomsnittleg årsrate 2020–2021 per 1000 innbyggjarar av innlegging og poliklinikk/dagbehandling per kommune.

Vi valde å avgrense til kommunane i Rogaland og Vestland, som under Helse Vest omfattar helseføretaka Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde. Samla innbyggjartal er 1 127 000 fordelt på 67 opptakskommunar.

Statistiske metodar

Deskriktiv statistikk er brukt for å beskrive resultatvariablar og uavhengige variablar. Resultatvariablane vart undersøkte for normalfordeling og hadde skeivheit < 1 . For å gardere oss mot multikollinearitet undersøkte vi korrelasjonane mellom dei uavhengige variablane, og ekskluderte to helsetenestevariablar med korrelasjonar $> .7$ samanlikna med ein annan helsetenestevariabel. Desse nytta vi ikkje i same multivariabelanalyse. Bivariate og multivariable lineære regresjonar vart nytta for å undersøke assosiasjonen mellom uavhengige variablar og resultatvariablar. Standardiserte beta-verdiar (β) med 95 % konfidensintervall gjorde oss i stand til å samanlikne styrken på assosiasjonane. Multivariabel regresjon med baklengs eksklusjon av variablar med p -verdiar $> .10$ vart nytta for å justere for assosiasjonar mellom dei uavhengige variablane. Vi nytta separate analysar for kvar kategori variablar.

Vi kategoriserte variablane med omsyn til kor proksimale dei var i høve til utkomma. Variablar knytt til psykisk sjukelegheit i kommunane vurderte vi som dei mest proksimale, fylgt av helsetenester i kommunane, sosiodemografiske tilhøve i den enkelte kommunen og til sist helseføretaks-tilknyting. Grensesignifikante og signifikante prediktorar vart behalde i modellane. Vi inspirerte fordelinga av residualane frå regresjonsanalysane med normalitetsplot for å sjå om dei var normalfordelt. Vi forsikra oss om at kolinearitet (VIF) i dei endelige modellane var godt under grenseverdi, og at variablane i modellane var uavhengige (Durbin Watson). Vi sjekka at kvar reiterasjon i eksklusjonen av variablar medførte aukande F-verdi og lågare p-verdi. Validiteten av modellane vart bedømt ut frå justert R^2 og tilhøyrande p-verdi. P-verdi $< .05$ vart akseptert som signifikant.

Etikk

Studien vart handsama av REK-Vest (sak 515701) og vurdert som ikkje framleggingspliktig. Data er på befolkningsnivå og eininga er kommune. Samhandlingsbarometeret publiserer ikkje data med mindre enn fem tilfelle (personar) bak variabelen.

Resultat

Tabell 1 viser resultat- og prediktorvariablar med gjennomsnitt eller medianverdi, variasjonsbreidd og datakjelde med årstal for innhenting av data. Tala er presentert for heile populasjonen i Helse Vest og deretter delt på dei fire helseføretaka. Tabellen viser også at vi har så godt som komplette data på dei ulike variablane.

Tabell 1

Oversikt over resultatvariablar og uavhengige variablar blant dei 67 ulike kommunane med datakjelde, årstal, variasjonsbreidd, gjennomsnitt (SD) og skeivheit

| RESULTATVARIABLER | DATAKJELDE | ÅRGJENNOMSNITT REKNA FOR ÅRSTAL | TAL KOMMUNAR | MINIMUM- MAKSIMUM | GJENNOMSNITT (SD) | SKEIVHEIT |
|---|------------|------------------------------------|-----------------|----------------------|----------------------|-----------|
| Sjukehusopphald pr. 1000 innbyggjarar i psykisk helsevern / rus | NPR | 2020/2021 | 65 | 3.6-24.0 | 13.0 (5.1) | 0.08 |
| Poliklinikk/dagopphald pr. 1000 innbyggjarar i psykisk helsevern / rus | NPR | 2020/2021 | 66 | 66.3- 548.0 | 265.9 (118.2) | 0.41 |

Uavhengige variablar

Helseteneste variablar i kommunane

| | | | | | | |
|---|--------|------|----|---------------|-------------|-----|
| Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar | KOSTRA | 2021 | 65 | 5.3-32.8 | 14.3 (4.6) | 1.6 |
| Helse/omsorg - kostnad pr. innb. i 1000 kr | KOSTRA | 2021 | 64 | 23.8- 98.3 | 42.0 (13.9) | 1.3 |
| Del av budsjett til kommunal helseteneste (prosent) | KOSTRA | 2021 | 64 | 3.2-11.3 | 6.9 (1.6) | 0.9 |
| Del av heimetenester til yngre (0-66 år) (prosent) | KOSTRA | 2021 | 62 | 23.6- 66.5 | 44.1 (9.8) | 0.1 |

| RESULTATVARIABLER | DATAKJELDE | ÅRSGJENNOMSNITT REKNA FOR ÅRSTAL | TAL KOMMUNAR | MINIMUM- MAKSIMUM | GJENNOMSNITT (SD) | SKEIVHEIT |
|--|------------|-------------------------------------|-----------------|--|--|-----------|
| Sjukeleghetsvariabler | | | | | | |
| Bruk av psykofarmaka i kommunen pr. 1000 innbyggjarar | FHI | 2018-2020 | 66 | 50.9-91.7 | 71.8 (9.7) | -0.3 |
| Bruk av psykisk helsetjeneste i kommunen pr. 1000 innbyggjarar | FHI | 2018-2020 | 66 | 90.0-178.0 | 133.5 (22.1) | -0.2 |
| Sosiodemografiske variabler | | | | | | |
| Del av innbyggjarar i utanforskap ¹ (prosent) | FHI | 2020 | 58 | 12.0-22.0 | 17.0 (2.2) | -0.1 |
| Del av innbyggjarar med låginntekt ² (prosent) | FHI | 2018-2020 | 60 | 4.0-11.0 | 8.2 (1.4) | -0.4 |
| Del av innbyggjarar med høg utdanning (høgskule/universitet) (prosent) | FHI | 2021 | 66 | 18.0-47.0 | 28.4 (5.9) | 1.2 |
| Forventa levealder ved fødsel menn (år) | FHI | 2006-2020 | 62 | 77.5-81.5 | 80.0 (0.9) | -0.6 |
| Forventa levealder ved fødsel kvinner (år) | FHI | 2006-2020 | 62 | 82.4-86.5 | 84.4 (0.9) | -0.02 |
| Del i kommunen i spreidd busetnad ³ (prosent) | SSB | 2021 | 66 | 2.0-100 | 40.6 (25.3) | 0.5 |
| Folketal (tal innbyggjarar) | SSB | 2021 | 66 | 188-286 930 | 17.0 (39.6) | 5.5 |
| Utkommevariabler for kvart helseområde i Helse Vest | | | | Opphold PHV rate pr. 1000 | Poliklinikk kontaktar PHV rate pr. 1000 | |
| Helse Førde | NPR | 2020/2021 | 18 | 12.7 | 196.1 | |
| Helse Stavanger | NPR | 2020/2021 | 15 | 18.5 | 269.4 | |

| RESULTATVARIABLER | DATAKJELDE | ÅRSGJENNOMSNITT REKNA FOR ÅRSTAL | TAL KOMMUNAR | MINIMUM- MAKSIMUM | GJENNOMSNITT (SD) | SKEIVHEIT |
|-------------------|------------|-------------------------------------|-----------------|----------------------|----------------------|-----------|
| Helse Fonna | NPR | 2020/2021 | 17 | 15.0 | 203.3 | |
| Helse Bergen | NPR | 2020/2021 | 16 | 18.8 | 254.1 | |

Note. Dataene i tabellen er frå NPR Norsk pasientregister, KOSTRA kommune-stat-rapportering, FHI Folkehelseinstituttet – Kommunedata, SSB Statistisk sentralbyrå – befolkning.

¹ Prosentdel yngre personar som ikkje er i arbeid, under utdanning eller i opplæring i prosent av befolkninga.


² Prosentdel hushaldningar/familiar med mindre enn 60 % av gjennomsnittsinntekta å leve for etter skatt.

³ Prosentdel av befolkninga som bur i spreiddbygd område etter SSB sin tettstadsdefinisjon.

Figur 1 viser talet på sjukehusopphald per 1000 innbyggjarar for det samla rus- og psykiatri-kapittelet i ICD-10, basert på årleg gjennomsnitt for 2020 og 2021. Variasjonen svarer til ein faktor på 6.7 gonger (sjå tabell 2 for absolutte tal), medan den for alle ICD-kapitla samla låg på 3.5 (ikkje vist i figur). Ser vi på dei mest alvorlege psykiatriske diagnosane (F20, F 22-29, F 30-33 og F60-69), har vi ein faktor på 7.9 mellom lågast og høgast bruk (Samhandlingsbarometeret, u.å.) (ikkje vist i figur).

Figur 1

Døgnopphald pr. 1000 innbyggjarar i psykisk helsevern og rusomsorg etter kommune (2020–2021)




Note. Kommunenamna er langs A-aksa. Tall henta fra Statistisk sentralbyrå. (u.å.). 06913: Endringer i kommuner, fylker og hele landets befolkning (K) 1951 - 2024. Ssb.no.
<https://www.ssb.no/statbank/table/06913>

Figur 2 viser talet på polikliniske kontaktar/dagbehandling som gjennomsnitt for 2020 og 2021. Variasjonen svarer til ein faktor på 8.3 gonger (sjå tabell 2 for absolutte tal), medan den for alle ICD- kapitla samla er på 2.7. For dei mest alvorlege diagnosane var variasjonen på 9.6 gonger. Av figurane går det fram at nokre små kommunar bidreg både til lave og høge tal, sjølv om det er ein tydeleg trend mot at store kommunar har fleire innleggingar og poliklinikk-kontaktar. Folketalet i kommunane korrelerer både med talet på konsultasjonar i poliklinikk og dagbehandling og med innleggingar (Spearman rho 0.51 og 0.42).

Figur 2

Poliklinikk/dagbehandling pr. 1000 innbyggjarar i psykisk helsevern og rusomsorg etter kommune (2020–2021)



Note. Kommunenamna er langs A-aksa. Tall henta fra Statistisk sentralbyrå. (u.å.). 06913:

Endringer i kommuner, fylker og hele landets befolkning (K) 1951 - 2024. Ssb.no.

<https://www.ssb.no/statbank/table/06913>

Tabell 2 viser at variasjonsbreidda er lik sjølv om vi tek med 2022 då restriksjonane under covid-epidemien tok slutt. Variasjonsbreidda er høgre om vi nyttar liggedøgn framfor tal på innleggingar, men dei to utkommemåla er sterkt positivt korrelererte (Spearman's rho .81). Tabell 2 viser at kommunar som nyttar innleggingar mykje, også har økt bruk av polikliniske kontaktar og har økt bruk av tenester frå avtalespesialistar med noko lågare Spearman's rho.

Tabell 2

Innleggingar, liggedagar og konsultasjonar for to periodar 2020–21 og 2021–22, og korrelasjonar mellom ulike utkommemål og folketal i Helse Vest

ÅRSGJENNOMSNITT 2020-2021 (2021-2022 I PARENTES)

MINIMUM OG MAKSUMUM

Innleggingar / 1000 innb.

3.6-22.1 (4.3-23.9)

| ÅRSGJENNOMSNITT 2020-2021 (2021-2022 I PARENTES) | MINIMUM OG MÅKSIMUM |
|--|---------------------------|
| Liggedagar / 1000 innb. | 30.1-368.9 (30.7-394.5) |
| Konsultasjonar poliklinikk/dagbehandling / 1000 innb. | 145.8-645.7 (149.8-687.2) |
| Konsultasjonar private avtalespesialistar / 1000 innb. | 9.6-174.8 (6.1-169.1) |
| Korrelasjonar mellom ulike utkommemål og folketal 2020-2021 | r_s |
| Innleggingar/liggedagar | .80** |
| Innleggingar/konsultasjonar i poliklinikk/dagbehandling | .64** |
| Innleggingar/konsultasjonar hjå avtalespesialistar | .30* |
| Liggedagar/konsultasjonar i poliklinikk/dagbehandling | .48** |
| Liggedagar/konsultasjonar hjå avtalespesialistar | .25* |
| Poliklinikk og dagbehandling/konsultasjonar hjå avtalespesialistar | .21gs |
| Innleggingar/folketal | .42** |
| Poliklinikk og dagbehandling/folketal | .51** |

Note. *p < .05 **p < .01 gs: grensesignifikant p > .05 og < .10

Tabell 3 viser dei bivariate analysane med sjukehusopphald i psykisk helsevern / rushandsaming som resultatvariabel. Alle variablane knytt til helsetenester i kommunen, med unntak av heimetenester til unge, var negativt assosiert med innleggingar (β -.233; -.378) og polikliniske konsultasjonar (β -.244; -.541). Heimetenester til unge (0-66 år) var positivt korrelert med innleggingar (β .494) og polikliniske kontaktar (β .471). Delen av kommunebudsjettet som gjekk til kommunehelsetenesta, var berre grensesignifikant negativt assosiert med resultatvariablene. Faktorane knytt til psykisk sjukelegheit, talet på brukarar av psykofarmaka og kommunale psykiske helsetenester var begge positivt assosiert med innleggingar (β .385; .514) og også for polikliniske kontaktar og dagbehandling som utkommevariabel (b 485; .431).

Dei bivariate analysane med sosiodemografiske variablar synte at utanforskap (β .331), høg utdanning (β .374) og folketal (β .415), samt at kommunen var knytt til Helse Stavanger (β .340), var positivt assosiert med innleggingar i psykisk helsevern / rusomsorg. Høgare del spreidd busetnad i kommunane var signifikant negativt assosiert med sjukehusopphald (β -.604). Analysane med polikliniske kontaktar og dagbehandling i helsetenesta for rusomsorg / psykisk helsevern som utkomme, stadfesta i store trekk assosiasjonane med dei same

prediktorane. Her var tilknyting til både Helse Stavanger og Helse Bergen positivt assosiert med polikliniske kontaktar.

Tabell 3

Resultat frå bivariate lineære regresjonar med sjukehusopphald, psykisk helsevern og rusomsorg og polikliniske kontaktar innan psykisk helsevern og rusomsorg er resultatvariablar

| Variablar | Sjukehusopphald PHV/rus | | | Poliklinikk PHV/rus | | |
|---|--------------------------------|-----------------|---------|--------------------------------|-----------------|---------|
| | Std. beta koeff (β) | 95 % KI | p-verdi | Std. beta koeff (β) | 95 % KI | p-verdi |
| 1. Helsetenester i kommunen | | | | | | |
| Legeårsverk pr. 10 000 | -.341 | -.580; -.103 | .006 | -.289 | -.530; -.048 | .020 |
| Kostnad pr. innbyggjar helse og omsorg | -.378 | -.616; -.142 | .002 | -.541 | -.649; -.325 | <.001 |
| Del av budsjett til kommunal helseteneste | -.233 | -.482; .016 | .066 | -.244 | -.490; .002 | .052 |
| Andel heimetenester til yngre (0-66 år) | .494 | .268; .722 | <.001 | .471 | .243; .698 | <.001 |
| Årsverk helse og omsorg | -.291 | -.520; -.042 | .019 | -.520 | -.733; -.306 | <.001 |
| 2. Psykisk sjukelegheit | | | | | | |
| Brukarar av psykofarmaka | .385 | .153; .619 | .002 | .485 | .267; .703 | <.001 |
| Brukarar av psykisk helseteneste | .514 | .298; .726 | <.001 | .431 | .206; .657 | <.001 |
| 3. Sosiodemografi | | | | | | |
| Utanforskap ¹ | .331 | .078; .583 | .011 | .427 | .185; .669 | .001 |
| Lav inntekt | -.003 | -.236; .230 | .98 | .091 | -.170; .352 | .488 |

| Variablar | Sjukehusopphald PHV/rus | | | Poliklinikk PHV/rus | | |
|-------------------|--------------------------------|----------------|-----------|----------------------------|----------------|-----------|
| Høg utdanning | .374 | .140; .608 | .002 | .391 | .161; .621 | .001 |
| Levealder menn | -.032 | -.292; .228 | .806 | -.112 | -.370; .146 | .388 |
| Levealder kvinner | -.084 | -.341; .173 | .517 | -.062 | -.319; .195 | .631 |
| Spreidd busetnad | -.604 | -.823; .303 | < .001 | -.634 | -.827; .441 | < .001 |
| Folketal i 1000 | .415 | .096; .570 | < .001 | .505 | .289; .721 | < .001 |

4. Helseføretak²

| | | | | | | |
|-----------------|------|----------------|------|------|----------------|-----------|
| Helse Førde | 0 | 0 | | | | |
| Helse Stavanger | .340 | .052; .627 | .021 | .503 | .234; .772 | < .001 |
| Helse Fonna | .105 | -.184; .394 | .471 | .253 | -.019; .525 | .067 |
| Helse Bergen | .283 | -.003; .575 | .053 | .410 | .140; .680 | .004 |

Note. Standardiserte beta-koeffisientar (β), 95 % konfidensintervall og p -verdiar er gjevne.

¹ Prosentdel yngre personar som ikkje er i arbeid, under utdanning eller i opplæring i prosent av befolkninga.

² Kommunane sin tilknyting til helseføretaka vart gjort om til dummy-variablar med Helse Førde som samanlikningskategori.

Tabell 4 viser dei multivariable analysane med baklengs ekskludering av ikkje-signifikante variablar som analysemetode. Vi tok dei høg-korrelerte prediktorane inn i tre separate analysar, der kostnad til helse og omsorg var med i den første modellen, medan årsverk helse og omsorg og helsetenester til unge vart analysert i to separate multivariable modellar. Vi fann dei multivariable modellane valide med VIF $<< 5$, Durbin Watson nær 2 og med normal fordeling av residualane. Alle modellane var signifikante med $p \leq .002$.

Kostnader til helse- og omsorgstenesta og legeårsverk i kommunane var negativt assosiert med sjukehusopphald. Kostnader og årsverk til helse og omsorg var negativt assosiert med

poliklinikk/dagbehandling. Heimetester til unge var positivt assosiert til både sjukehusopphald og kontaktar med poliklinikk. Talet på brukarar av kommunal psykisk helseteneste og brukarar av psykofarmaka i kommunen var positivt assosiert med høvesvis sjukehusopphald og med poliklinikk/dagbehandling.

Dei sosiodemografiske variablane som var positivt assosiert med sjukehusopphald, var utanforsk og høg utdanning (begge grensesignifikante), medan spreidd busetnad var signifikant negativt assosiert. Dei same variablane predikerte også poliklinikk/dagbehandling, og her var alle dei uavhengige variablane statistisk signifikante. Den forklarte variansen av høvesvis helsetenester i kommunen, psykisk sjukelegheit, sosiodemografi i tilknyting til helseføretak er vist i fire eigne rader i tabell 4. Den forklarte variansen var liten til moderat høg (R^2 .07–.49). Det var dei sosiodemografiske prediktorane som hadde størst forklaringskraft. Med alle uavhengige variablar i modellane vart den forklara variansen berre marginalt betre (siste rada i tabell 4). I denne analysen vart utanforsk (β .37 p: .001), høg utdanning (β .30 p: .01), spreidd busetnad (β -.27 p: .05) og heimetester til unge (β .22 p: .06) retinert i modellen.

Tabell 4

Multivariable modellar med baklengs eksklusjon av variablar som ikkje var signifikant eller grensesignifikant assosiert med resultatvariablane. Sjukehusopphald, psykisk helsevern og rusomsorg og polikliniske kontaktar innan psykisk helsevern og rusomsorg er resultatvariablar.

| VARIABLER | SJUKEHUSOPPHALD PHV/RUS | | | POLIKLINIKK PHV/RUS | | |
|--|--------------------------------|-----------------|---------|----------------------------|-----------------|---------|
| | Std. beta koeff (β) | 95 % KI | P-verdi | Std. beta koeff (β) | 95 % KI | P-verdi |
| 1. Helsetenester i kommunen | | | | | | |
| Kostnad pr. innbyggjar helse og omsorg | -.378 | -.616; -.142 | .002 | -.541 | -.649; -.323 | <.001 |
| Årsverk helse og omsorg ¹ | | | | -.520 | -.738; -.301 | <.001 |
| Heimetester til unge ¹ | .494 | .266; .724 | <.001 | .471 | .239; .703 | <.001 |
| Legeårsverk pr. 10 000 ¹ | -.341 | -.582; -.101 | .006 | | | |
| 2. Psykisk sjukelegheit | | | | | | |
| Brukarar av psykofarmaka | | | | .485 | .263; .703 | <.001 |

| VARIABLER | SJUKEHUSOPPHALD PHV/RUS | | | POLIKLINIKK PHV/RUS | | |
|--|-------------------------|-----------------|-----------|---------------------|-----------------|-------|
| Brukarar av psykisk helseteneste | .514 | .298; .726 | < .001 | | | |
| 3. Sosiodemografi | | | | | | |
| Utanforskap | .236 | -.005; .478 | .06 | .355 | .132; .577 | .002 |
| Høg utdanning | .240 | -.013; .492 | .06 | .296 | .064; .528 | .01 |
| Spreidd busetnad | -.421 | -.679; -.158 | .002 | -.386 | -.627; -.145 | .002 |
| 4. Helseføretak | | | | | | |
| Helse Førde | 0 | | | 0 | | |
| Helse Stavanger | .29 | .038; .543 | .03 | .50 | .234; .767 | <.001 |
| Helse Fonna | | | | .25 | -.019; .525 | .07 |
| Helse Bergen | .24 | -.017; .489 | .07 | .41 | .140; .680 | .004 |
| Justert R², forklart varians | | | | | | |
| Helsetenester i kommunen | .13 ² | | | .28 ³ | | |
| Psykisk sjukelegheit | .25 | | | .22 | | |
| Sosiodemografi | .39 | | | .49 | | |
| Helseføretak | .07 | | | .17 | | |
| Alle uavhengige variablar ⁴ | .43 ⁵ | | | .51 ⁶ | | |

Note. Standardiserte beta-koeffisientar (β), 95 % konfidensintervall og p -verdiar er gjevne.

¹ Heimetenester til yngre (0–66 år) var høgt og negativt korrelert (−.73, $p < .001$) med årsverk helse og omsorg og kostnad pr. innb. helse/omsorg (−.73, $p < .001$). Dei to siste var høgt og positivt interkorrelert (.88, $p < .001$). Derfor gjorde vi separate analysar der kostnad til helse og omsorg var med i den første modellen, medan årsverk helse og omsorg og helsetenester til unge vart analysert i to separate multivariable modellar

² Forklart varians med heimetenester til unge og årsverk helse og omsorg i den multivariable modellen var .23 og .10 (berre legeårsverk blei retinert i den siste modellen).

³ Forklart varians med heimetenester til unge og årsverk helse og omsorg i modellen var .21 og .26.

⁴ Høgkorrelerte variablar ($\rho > .70$) vart ikkje tatt med i same modell.

⁵ Med alle variablar i modellen vart utanforskning ($\beta .26 p: .03$), høg utdanning ($\beta .24 p: .05$), spreidd busetnad ($\beta -.27 p: .06$) og heimetenester til unge ($\beta .26 p: .03$) retinert i modellen.

⁶ Med alle variablar i modellen vart utanforskning ($\beta .37 p: .001$), høg utdanning ($\beta .30 p: .01$), spreidd busetnad ($\beta -.27 p: .05$) og heimetenester til unge ($\beta .22 p: .06$) retinert i modellen.

Diskusjon

Hovudfunn

Undersøkinga viser ein påfallande stor variasjon i bruk av spesialisthelsetenester mellom kommunane i Helse Vest. Det er tydeleg at noko av denne variasjonen kjem av tilfeldige svingingar ved at variasjonen vert mindre når ein inkluderer alle ICD-kapitla, og større når ein berre ser på alvorlege og sjeldan førekommande diagnosar. Mange kommunar er små, og variasjonar i spesialisthelsetenestebruk frå år til år er naturleg. Det kan også tyde på at variasjonar innan somatisk helseteneste er mindre enn i psykiatrien.

Uønskt variasjon definerast ofte med at den ikkje lar seg forklåre av forskjellig sjukelegheit eller sosiodemografi (Wennberg, 2010). Vi har vist at faktorar knytt til sjukelegheit og sosiodemografi delvis heng saman med variasjonen. I tillegg har vi synt at ressursbruk til helse- og omsorgsteneste i kommunane også samvarierer med korleis spesialisthelsetenesta vert nytta. Høgare kostnader til helse- og omsorgstenesta i kommunane var assosiert med mindre sjukehusopphald og bruk av poliklinikk/dagbehandling. Del av heimetenester til yngre (0–66) pasientgrupper i kommunen hang positivt saman med bruken både av sjukehusopphald og poliklinikk/dagbehandling, medan legeårsverk i kommunen var negativt assosiert med innleggingar. Talet på brukarar i kommunal psykisk helseteneste og brukarar av psykofarmaka i kommunen var forbunde med meir sjukehusopphald og poliklinikk/dagbehandling. Både førekomensten av utanforskning (utanfor arbeid, lære og utdanning) og førekomensten av høg utdanning var begge assosiert med høgare poliklinikkbruk, medan kommunar med spreidd busetnadsmønster brukte mindre av både sjukehusopphald og poliklinikk/dagbehandling. Dei ulike måla på forbruk av spesialisthelsetenester var positivt korrelert. Sjølv om det er mogeleg at nokre tilbod avlastar andre tilbod, er ikkje dette ein allmenn tendens.

Funn samanlikna med andre

Studien stadfester tidlegare funn for PHV for vaksne og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) i det tidlegare Sogn og Fjordane fylke (Breidablik & Meland, 2018, 2020). Ulikskapane er ikkje blitt mindre i forhold til tala frå 2012–2015 (Breidablik & Meland, 2018). Denne studien fann at tilvisingsratar frå kommunane var ein sterk forklaringsvariabel, medan avstand til behandlingsinstitusjonane berre var assosiert med tenester i BUP. Der var stor variasjon sjølv

for diagnosar med ein sterk biologisk komponent. Den føreliggande studien kompletterer studien frå 2018 med fleire systemfaktorar som påverkar bruk av tenester i spesialisthelsetenesta.

Del av befolkninga som bur spreidd, er den einaste av dei sosiodemografiske variablane som både har betydning for færre polikliniske kontaktar og sjukehusopphold. Avstand til behandlingsstaden kan også medverke, sjølv om vi tidlegare har vist at denne faktoren har liten innverknad i vaksenpsykiatrien (Bredablik & Meland, 2018). Funna er til dels i tråd med andre studiar som viser at innbyggjarar i rurale område mottek mindre behandling innanfor psykisk helsevern (Hauenstein et al., 2007). Studiar tyder på at urbanisering har betydning for mental helse, noko som har samanheng med mellom anna sosiale skilnader og usikkerheit, ureining og stress (Kringlen et al., 2006; Srivastava, 2009; Ventriglio et al., 2021). Tilbodet innanfor psykisk helsevern, samt alder og etnisitet, krev spesiell merksemd for å redusere skilnadane i mental helse (Morales et al., 2020). Vi held også mogelegheita open for at vi her ser «revers kausalitet» ved at psykisk sjuke flyttar til byar ogbynære strok.

Vi nyttar omgrepene sosiodemografi om dei sosiale skilnadane vi ser på kommunenivå knytt til utanforsk og høg utdanning. I tråd med forsking på feltet ser vi at kommunar som ligg høgt på utanforsk i befolkninga, har høgt tal innleggningar og kontaktar. Åstå utanfor utdanning og arbeidsliv betyr ofte dårlegare økonomi og eit fattigare sosialt liv, noko som har stor innverknad på fysisk og psykisk helse (Dahl et al., 2014, s. 162; De Ridder et al., 2012). Gruppa har høg risiko for mange ulike diagnosar og sjukehusinnleggningar, særleg depresjon og nesten alle mentale lidingar (Evensen et al., 2021). Trass i relativt lik tilgang til helsetenester fann Kinge et al. at mentale lidingar hjå barn og ungdom aukar med lågare inntekt hjå foreldra (Kinge et al., 2021). Det er såleis godt samsvar mellom sosioøkonomisk forsking og våre funn.

Vi finn også at eit høgt utdanningsnivå i kommunane spelar inn på graden av innleggningar (grensesignifikant) og poliklinisk behandling i PHV. Dette funnet viser ein omvendt sosial gradient, då høgt utdanna ikkje har same sjukdomsbyrde som dei med låg utdanning. Funnet kan mellom anna forståast ut ifrå det Le et al. omtalar som helsekompetanse, som dei med mykje utdanning scorar høgast på (Le et al., 2021, s. 33). Denne gruppa evnar betre å identifisere og avgjere kva konkrete tenester dei har behov for og ynskjer å bruke. Dei kjenner sine rettigheter, kan vurdere kvalitet i tenestene og får lettare tilgang til dei rette instansane. Samtidig fortel ikkje studien at det er personar med høg utdanning som vert innlagde, men at kommunar karakterisert av mange med høgt utdanningsnivå og/eller stor grad av utanforsk nyttar psykiatriske institusjonar meir enn andre kommunar. Såleis er funnet i tråd med Wilkinsons hypotese om at relativ ulikskap aukar sjukelegheita i samfunnet (Wilkinson, 2006).

Metodiske styrkar og svakheiter

Vi må understreke at studien er ein økologisk tverrsnittsstudie. Retninga på kausalitet kan vi difor ikkje avgjere. Mange av samanhengane er sannsynleg resiproke og med gjensidig påverknad. Styrken ved å bruke opne automatisk genererte data er at sannsynet for rapporteringsbias og felles metodebias, slik vi ser i spørjeskjemaundersøkingar av individ, vert mindre. Vi har i metodedelen spesifisert kva vi har gjort for å validere dei multivariable modellane. Vi er klar over dei innvendingane som er knytt til baklengs eksklusjon av ikkje-

signifikante variablar (Derksen & Keselman, 1992). Vi har gjort naudsynte prosedyrar for å unngå multikollinearitet. Lesaren får også eit inntrykk av pålitelegheita av modellane ved å samanlikne dei bivariate regresjonskoeffisientane med dei multivariable. Dei stemmer i stor grad overeins, også med tanke på dei innbyrdes forholda mellom prediktorane. Endeleg har modellane teke utgangspunkt i gruppering av variablar ut frå rasjonelle omsyn, der vi har delt dei uavhengige variablane inn i tre ulike kategoriar.

Sjølv om tala for institusjonsopphald, poliklinikkontaktar og dagopphald vart samla inn i løpet av to år, må vi rekne med at noko av variasjonane er tilfeldige. Vi veit også at i åra 2020–2021 vart store delar av psykisk helsevern stengd ned under covid-pandemien. Når vi tok med 2022, var totalmengda innleggningar og polikliniske kontaktar berre marginalt større, og variasjonane vart ikkje mindre. Det er også ein svakheit at talet på einskild-kommunar ikkje er høgt. Statistiske samanhengar kan vera tilfeldige, det ein kallar for «random error bias». Men det kan også vere at samanhengane i røynda er sterkare enn våre regresjonskoeffisientar viser. Den statistiske styrken er lågare, og påviste samanhengar kan vere meir signifikante enn det resultata våre viser. Det er ein styrke med studien at variablane er henta frå ulike opne kjelder som ikkje avheng av spørjeskjema eller andre kjelder til rapporterings-skeivheiter.

Relevans for helsetenesta

Forfattarane har tidlegare peika på at spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta må samarbeide tettare for å jamne ut uønskte variasjonar i bruk av helsetenester (Breiblik & Meland, 2018; Aarre, 2011). Somme leiande psykiatrar internasjonalt føreslår også å legge større vekt på funksjonsvurderingar som grunnlag for tilvisingsindikasjonar (Batstra & Frances, 2012). Primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta kan i større grad samarbeide slik at pasientar med avgrensa funksjonstap vert handsama i primærhelsetenesta, medan spesialisthelsetenesta vert nytta der funksjonstapet er stort. Då måtte også retningslinjer som baserer seg på deskriptive sjukdomsdiagnosar, vore endra til i større grad å vektlegge funksjon. Ei slik omlegging vert også støtta frå psykiatrisk hald i Noreg (Aarre, 2022).

Helse- og omsorgsdepartementet har som mål at kommunale helsetenester i nokon grad skal kunne erstatte og avlaste sjukehus og poliklinikkar i spesialisthelsetenesta (St.meld. nr. 47 (2008–2009), s. 27). Våre funn står i motstrid til ei slik forventing. Riktig nok var høgare kostnader til helse- og omsorgstenesta i kommunane assosiert med mindre sjukehusopphald og poliklinikk, men høgare tal på brukarar i communal psykiatriteneste og heimetenester til yngre var assosiert med så vel fleire innleggningar som kontaktar med poliklinikk. Dette kan vere uttrykk for at det er fleire brukarar med alvorlege psykiske lidingar, men ein kan neppe ta dette til inntekt for at kommunale tilbod avlastar ressursbruken i spesialisthelsetenesta.

John Wennberg hevda at variasjonar i helsetenestebruk for ein stor del skuldast tilbodsstyrte helsetenester som vart genererte i spesialisthelsetenesta (Wennberg, 2010). Vi har vist i denne og tidlegare studiar at primærhelsetenesta kan vere vel så viktig som drivrarar for praksisvariasjon (Breiblik & Meland, 2018, 2020).

Eit perspektiv som sjeldan vert lagt vekt på i studiar på praksisvariasjon, er erkjenninga av at individet i samfunnet også spelar ei aktiv rolle. Dei er ikkje berre offer, men også aktive aktørar. Vitskapsfilosofen Ian Hacking kalla sjukelegheit som var uavhengig av våre fortolkingar og forventingar, for «indifferent slags». Han meinte at dei fleste sjukdomar ikkje

berre var indifferente, men var det han kalla «interaktive slag». Sjukdomar tener som identitetar som menneske søker seg mot eller tek avstand frå (Hacking, 2000). Sannsynet talar for at psykiske lidningar er både indifferente og interaktive. Med perspektiva frå Wennberg og Hacking kan vi betre forstå både korleis sjukdomsførekomst endrar seg over tid, og korleis førekomenst varierer mellom distrikt.

Konklusjon

Sjukelegheit, ressursbruk til kommunal helse- og omsorgsteneste og sosiodemografiske forskjellar heng saman med innleggingar og poliklinikk/dagbehandling. Funna viser ikkje eintydig at større ressursbruk i kommunane samvarierer med mindre bruk av spesialisthelsetenester, sjølv om nokre av funna peiker i den retninga. Relative ulikskapar i kommunane der mange har høg utdanning, og der mange opplever utanforsk (utan arbeid, i lære eller under utdanning), er assosiert med høgt forbruk av spesialisthelsetenester i psykisk helsevern.

Takkseiing

Takk til førsteamansis David Jahanlu ved OsloMet for hjelp med dei statistiske metodane.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 61, nummer 9, 2024, side

TEKST

Hans Johan Breidablik*

Eivind Meland*

KONTAKT: eivind.meland@uib.no

Emma Helene Bjørnsen

Oddne Skrede

+ Vis referanser

Aarre, T. F. (2011). Fem prinsipp for godt psykisk helsearbeid. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 8(2), 164-168. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3010-2011-02-08>

Aarre, T. F. (2022). Eit farvel til psykiatrisk diagnostikk. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 142(13). <https://doi.org/10.4045/tidsskr.22.0386>

Bale, M., Holsen, M., Osvoll, K. I., Bedane, H. K. & Skrede, O. (2020). Helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling. Helse Førde HF.

Balteskard, L., Deraas, T., Førde, O. H., Magnus, T., Olsen, F. & Uleberg, B. (2015). Dagkirurgi i Norge 2011-2013. Utvalgte inngrep (SKDE-rapport nr. 1). Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering.

Batstra, L. & Frances, A. (2012). Diagnostic inflation: causes and a suggested cure. *Journal of Nervous and Mental Disease*, 200(6), 474-479. <https://doi.org/10.1097/NMD.0b013e318257c4a2>

Breidablik, H. J. & Meland, E. (2018). Stor variasjon i bruk av psykisk helsevern i Sogn og Fjordane. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 56(5).

Breidablik, H. J. & Meland, E. (2020). Fastlegar - variasjonar i diagnosar og refusjonskostnader. *Utposten*, 49(1).

Corallo, A. N., Croxford, R., Goodman, D. C., Bryan, E. L., Srivastava, D. & Stukel, T. A. (2014). A systematic review of medical practice variation in OECD countries. *Health Policy*, 114(1), 5-14.

<https://doi.org/10.1016/j.healthpol.2013.08.002>

Dahl, E., Bergsli, H. & Wel, K. v. d. (2014). Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt (Rapport). Høgskolen i Oslo og Akershus. <https://hdl.handle.net/20.500.12199/738>

De Ridder, K. A. A., Pape, K., Johnsen, R., Westin, S., Holmen, T. L. & Bjørngaard, J. H. (2012). School dropout: a major public health challenge: a 10-year prospective study on medical and non-medical social insurance benefits in young adulthood, the Young-HUNT 1 Study (Norway). *Journal of Epidemiology & Community Health*, 66(11), 995-1000. <https://doi.org/10.1136/jech-2011-200047>

DerkSEN, S. & Keselman, H. J. (1992). Backward, forward and stepwise automated subset selection algorithms: Frequency of obtaining authentic and noise variables. *British Journal of Mathematical and Statistical Psychology*, 45, 265-282. <https://doi.org/10.1111/j.2044-8317.1992.tb00992.x>

Evensen, M., Klitkou, S. T., Tollånes, M. C., Øverland, S., Lyngstad, T. H., Vollset, S. E. & Klinge, J. M. (2021). Parental income gradients in adult research: a national cohort study. *BMC Medicine*, 19(1), Artikkel 152. <https://doi.org/10.1186/s12916-021-02022-4>

Folkehelseinstituttet. (2019, 18. oktober). Hvordan beskrives sykdomsbyrde?

<https://www.fhi.no/div/forskningsentre/senter-sykdomsbyrde/fire-hovedmal-for-sykdomsbyrde/>

Hacking, I. (2000). *The Social Construction of What?* Harvard University Press.

Hauenstein, E. J., Petterson, S., Rovnyak, V., Merwin, E., Heise, B. & Wagner, D. (2007). Rurality and mental health treatment. *Administration and Policy in Mental Health and Mental Health Services Research*, 34, 255-267. <https://doi.org/10.1007/s10488-006-0105-8>

Kinge, J. M., Øverland, S., Flatø, M., Evensen, M., Tesli, M., Skrondal, A., Stoltenberg, C., Vollset, S. E., Håberg, S. & Torvik, F. A. (2021). Parental income and mental disorders in children and adolescents: prospective register-based study. *International Journal of Epidemiology*, 50(5), 1615-1627. <https://doi.org/10.1093/ije/dyab066>

Kivimäki, M., Batty, G. D., Pentti, J., Shipley, M. J., Sipilä, P. N., Nyberg, S. T., Souminen, S. B., Oksanen, T., Stenholm, S., Virtanen, M., Marmot, M. G., Singh-Manoux, A., Brunner, E. J., Lindbohm, J. V., Ferrie, J. E. & Vahtera, J. (2020). Association between socioeconomic status and the development of mental and physical health conditions in adulthood: a multi-cohort study. *Lancet Public Health*, 5(3), e140-e149. [https://doi.org/10.1016/S2468-2667\(19\)30248-8](https://doi.org/10.1016/S2468-2667(19)30248-8)

Knudsen, A. K., Harvey, S. B., Mykletun, A. & Øverland, S. (2013). Common mental disorders and long-term sickness absence in a general working population. *The Hordaland Health Study. Acta Psychiatrica Scandinavica*, 127(4), 287-297. <https://doi.org/10.1111/j.1600-0447.2012.01902.x>

Kringlen, E., Torgersen, S. & Cramer, V. (2006). Mental illness in a rural area. *Social Psychiatry and Psychiatric Epidemiology*, 41, 713-719. <https://doi.org/10.1007/s00127-006-0080-0>

Le, C., Finbråten, H. S., Pettersen, K. S., Joranger, P. & Guttersrud, Ø. (2021). Befolkningsens helsekompetanse, del I. The International Health Literacy Population Survey 2019-2021 (HLS19) et samarbeidsprosjekt med nettverket M-POHL tilknyttet WHO-EHII (Rapport IS-2959). Helsedirektoratet, Høgskolen i Innlandet & OsloMet. <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/befolkningsens-helsekompetanse/Befolkningsens%20helsekompetanse%20-%20del%20I.pdf>

Lorant, V., Croux, C., Weich, S., Deliège, D., Malchenbach, J. & Ansseau, M. (2007). Depression and socio-economic risk factors: 7-year longitudinal population study. *British Journal of Psychiatry*, 190(4), 293-298. <https://doi.org/10.1192/bjp.bp.105.020040>

McPherson, K., Wennberg, J. E., Hovind, O. B. & Clifford, P. (1982). Small-area variations in the use of common surgical procedures: An international comparison of New England, England, and Norway. *New England Journal of Medicine*, 18. <https://doi.org/10.1056/NEJM198211183072104>

Meld. St. 7 (2019-2020). Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-7-20192020/id2678667/?ch=1>

Morales, D. A., Barksdale, C. L. & Beckel-Mitchener, A. C. (2020). A call to action to address rural mental health disparities. *Journal of Clinical and Translational Science*, 4(5), 463-467. <https://doi.org/10.1017/cts.2020.42>

O'Brien, D., Harvey, K., Howse, J., Reardon, T. & Creswell, C. (2016). Barriers to managing child and adolescent mental health problems: a systematic review of primary care practitioners' perceptions. *British Journal of General Practice*, 66(651), e693-e707. <https://doi.org/10.3399/bjgp16X687061>

Reneflot, A., Aarø, L. E., Aase, H., Reichborn-Kjennerud, T., Tambs, K. & Øverland, S. (2018). Psykisk helse i Norge. Folkehelseinstituttet.

Samhandlingsbarometeret (u.å.). Samhandling Sogn og Fjordane. <https://samhandling-sfj.no/>

Srivastava, K. (2009). Urbanization and mental health. *Industrial Psychiatry Journal*, 18(2), 75-76. <https://doi.org/10.4103/0972-6748.64028>

St.meld. nr. 47 (2008-2009). Samhandlingsreformen. Rett behandling - på rett sted - til rett tid. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-47-2008-2009-/id567201/>

Surén, P., Bakken, I. J., Lie, K. K., Schjølberg, S., Aase, H., Reichborn-Kjennerud, T., Magnus, P., Øyen, A.-S., Svendsen, B. K., Aaberg, K. M., Andersen, G. L. & Stoltenberg, C. (2013). Fylkesvise forskjeller i registrert forekomst av autisme, AD/HD, epilepsi og cerebral parese i Norge. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 133(18), 1929-1934. <https://doi.org/10.4045/tidsskr.13.0050>

Ventriglio, A., Torales, J., Castaldelli-Maia, J. M., De Berardis, D. & Bhugra, D. (2021). Urbanization and emerging mental health issues. *CNS Spectrums*, 26(1), 43-50. <https://doi.org/10.1017/S1092852920001236>

Wennberg, J. E. (2010). Tracking medicine: A researcher's quest to understanding health care. Oxford University Press.

Wilkinson, R. G. (2006). The impact of inequality. *Social Research: An International Quarterly*, 73(2), 711-732. <https://doi.org/10.1353/sor.2006.0056>

World Health Organization and World Organization of Family Doctors (Wonca) (2008). Integrating mental health into primary care: a global perspective.